



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 16.03.2020

Styresak: 13/20

Arkivsaksnr: 2018/1112-RAL

Møtedato: 24.03.2020

Endring av kriterier for status som framifrå undervisar ved Det humanistiske fakultet

Dokument i saka

- [Fakultetsstyresak 53/18](#)
- [Fakultetsstyresak 59/19](#)

Bakgrunn

Styret ved Det humanistiske fakultet vedtok på møte 23/10-2018 (Sak 53/18) at det skulle innførast ei meritteringsordning for undervisning ved fakultetet (Framifrå undervisar, FUND). Vedtaket fastslo både prosedyren og kriteria for vurderingsprosessen, i tillegg til å fastsetja rammene for dei økonomiske vilkåra som følgjer med ein FUND-status. I vedtaket heitte det at både enkeltpersonar og undervisningsmiljø kunne søkja om status som framifrå undervisar.

Den første runden med tildeling av FUND-status vart gjennomført hausten 2019 (Sak 59/19). Erfaringane frå denne runden tilseier at det er føremålstenleg å presisera og justera ein del punkt i tildelingskriteria og søknadsprosedyren. Dette gjeld for det første å tilpassa kriteria slik at det er tydeleg at dei òg gjeld for søknadar om å verta framifrå undervisningsmiljø. Vidare bør det uttrykkjast ei klarare forventning til konkrete planar for korleis ein FUND-status skal brukast. Endeleg bør krava til systematikk og kollegialitet i utviklingsarbeidet klargjerast enda meir (jf. <https://www.uib.no/hf/130956/meritteringsordning-undervisere-ved-det-humanistiske-fakultet#kriterier-for-tildeling-nbsp->).

Om framlegget

I framlegget er skiljet mellom individuelle søknadar og søknadar frå undervisningsmiljø forsøkt klargjort. Det er òg teke inn krav om å tydeleggjera planar for korleis ein FUND-status skal brukast. I tillegg er det føreslått å endra punktet om at ein individuell FUND-status inneber belønningssmidlar tilsvarande kr. 50 000,- i eitt år til at ein individuell FUND-status inneber belønningssmidlar tilsvarande kr. 50 000,- over to år.

Når det gjeld sjølve kriteria, er det først og fremst gjort språklege endringar, forutan at dei er grupperte på ein anna måte. På tre punkt er det føreslått endringar i substans:

Kriteriet

«at relevante krav i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) er tilfredsstillt og at UiBs rutiner for studiekvalitetsarbeid følges»

vert endra til

«At arbeidet bidrar til å fylla HF og UiB sine strategiar for å vidareutvikla utdanningskvaliteten».

Kriteriet

«at undervisningen planlegges, vurderes og modifiseres både i lys av egen erfaring og i lys av forskning på læring og undervisning»

vert endra til

«at søknaden relaterer seg til forskning på læring og undervisning eller anna relevant teoritilfang i arbeidet for å vidareutvikla undervisningskvaliteten».

I tillegg er det foreslått å ta inn eit **tilleggskriterium**:

«At søknaden dokumenterer ein grunnleggjande undervisningsfilosofi og at der er ein tydeleg og grunngeven samanheng mellom denne og arbeidet med studentane si læring.»

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KRITERIER FOR STATUS SOM FRAMIFRÅ UNDERVISAR ELLER FRAMIFRÅ UNDERVISNINGSMILJØ VED DET HUMANISTISKE FAKULTET, UiB

Både enkeltpersonar (tilsette i fast vitskapeleg stilling) og undervisningsmiljø kan søkja. For baa kategoriar er det avgjerande at ein kan dokumentera å ha drive med systematisk utviklingsarbeid over tid. Det er likeins avgjerande at ein kan visa til konkrete planar for korleis ein vil bruka ein FUND-status.

Individuelle søkjarar:

Det vil verta lagt vekt på korleis utviklingsarbeidet relaterer seg til miljøet søkaren er del av. Ein FUND-status inneber belønningssmidlar tilsvarande kr. 50 000,- over to år. Midlane skal brukast til tiltak for å vidareutvikla og dela erfaringar frå arbeidet med utdanningskvalitet. Søkjaren må gjera greie for konkrete planar for korleis midlane skal brukast. Søkjaren må òg ha tankar om korleis ein kan bidra til å styrkja undervisningskvalitetsarbeidet ved HF meir generelt, òg utover den perioden ein mottok belønningssmidlar for.

Undervisningsmiljø:

Eit undervisningsmiljø må vera sett saman av minst to fast vitskapeleg tilsette i minst 50 % stilling. Administrativt tilsette og mellombels tilsette kan òg inngå i miljøet. Søknaden må gjera greie for korleis dei ulike stillingskategoriane bidreg inn i utviklingsarbeidet.

Eit undervisningsmiljø kan relatere utviklingsarbeidet sitt til utvikling på både studieprogramnivå eller emnenivå. I baa tilfelle gjeld det at søknaden må klargjera korleis arbeidet bidrar til å utvikla heilskapen i studieprogrammet. Status som framifrå undervisningsmiljø inneber belønningssmidlar tilsvarande kr. 100 000,- i to år og kr. 50 000,- i eitt år. Midlane skal brukast til tiltak for å vidareutvikla og dela erfaringar frå arbeidet med utdanningskvalitet. Søknadar må innehalda ein grunngeven framdriftsplan som viser korleis belønningssmidlane i treårsperioden er tenkt brukt, og gjera greie for vidare planar om å søkja finansiering for å styrkja undervisningskvaliteten.

Miljø som har mottatte FUND-status dei siste tre åra, kan ikkje søkja.

Søknadane vert vurderte ut frå fire hovudkriterium med underpunkt.

(1) Merksemd på studentane si læring

- At undervisningstiltaka er grunnleggjande i studentane si læring
- At studentane er deltakande i undervisninga gjennom studentaktive læringsformer
- At studentane får systematiske tilbakemeldingar
- At søknaden demonstrerer eit reflektert forhold til samanhengen mellom undervisningsform, læringsutbytte, vurderingsform og typar av læring.
- At søknaden dokumenterer ein grunnleggjande undervisningsfilosofi og at der er ein tydeleg og grunnleggen samanheng mellom denne og arbeidet med studentane si læring.

(2) Systematisk utvikling over tid

- at søkaren eller søkarane over tid systematisk har arbeidd for å utvikla undervisninga si form og innhald for å støtta opp under studentane si læring
- at søknaden dokumenterer idéar og planar for vidare utviklingsarbeid og å vidareutvikla eigen eller miljøet sitt undervisningskompetanse og -praksis i framtida.
- At arbeidet er tydeleg forankra i UiB sitt studiekvalitetssystem

(3) Forskande tilnærming

- at søknaden dokumenterer ei systematisk og utprøvande tilnærming til utviklinga av undervisninga
- at søknaden relaterer seg til forskning på læring og undervisning eller anna relevant teoritilfang i arbeidet for å vidareutvikla undervisningskvaliteten
- at undervisninga er forskingsbasert, til dømes ved at det faglege innhaldet er basert på aktuell forskning eller ved at studentane får innsikt i forskingsprosessen

(4) Kollegial haldning og praksis

- at søknaden dokumenterer samarbeid med kollegaer og studentar for å utvikla studentane si læring og utdanninga sin kvalitet
- at erfaringar frå arbeidet med å vidareutvikla undervisningskvaliteten vert delt med andre gjennom publikasjonar og/eller ulike fora for erfaringsutveksling
- At arbeidet bidrar til å fylla HF og UiB sine strategiar for å vidareutvikla utdanningskvaliteten.

Framlegg til vedtak:

Fakultetsstyret vedtek framlegget til endringar i *Kriterier for status som framifrå undervisar eller framifrå undervisningsmiljø ved Det humanistiske fakultet.*

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør